

## Saksgang

Utvall	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16.09.2020

## Prosjektet Kraftturisme - Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap. Avsetting av midlar til verdiskaping på kulturminneområdet

Forslag til innstilling/vedtak

1. Hovudutvalet ser pilotstudien for «Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap» som eit interessant og innovativt tiltak for å utvikle opplevingsturisme.
2. Under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune går inn med kr 50.000 og Riksantikvaren gjev tilsegn om kr 100.000, vert det sett av kr 50.000 i sektorbudsjettet frå posten Verdiskaping på kulturminneområde under Ålmenne kulturvernål.

## Samandrag

Prosjektet *Kraftturisme-Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap* skal formidle opplevingsverdiar knytt til vasskrafta sin historie på Vestlandet. Det er utarbeidd ein rapport som gjer greie for marknadspotensialet og interessa blant kultur- og reiselivsaktørane.

Riksantikvaren har gjeve fylkeskommunane Vestland og Rogaland råd om å søkje prosjektmidlar under verdiskapingsprogrammet til vidare arbeid med prosjektet. Tilskot frå staten vert gjeve under føresetnad av at prosjektet i denne fasen vert skalert ned til ein pilotstudie og at søknad vert sendt Riksantikvaren innan 1. september – med etterhald om politisk handsaming. Tilskot frå Riksantikvaren vert gjeve på grunnlag av medfinansiering frå Rogaland og Vestland fylkeskommunar.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Rogaland og Vestland fylkeskommunar har over ei tid arbeid med å utvikle eit samarbeidsprosjekt «Kraftturime – Opplevingar i det vestnorske kraftlandskap».

I utval for kultur, idrett og regional utvikling i Hordaland fylkeskommune vart det 20.11.2019 vedteke å stille til rådvelde kr 160.000 av budsjetterte midlar til tinging av ein konsulentrapport.

Konsulentrapporten ligg no føre.

Konsulenten skulle:


- Greie ut om det er marknadspotensial nasjonalt og internasjonalt for kraftturisme gjennom utvikling og tilrettelegging av opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet.
- Skaffe fram kvalitativt god og relevant marknadskunnskap som grunnlag for produktutviklingsarbeid og for å skildre marknadspotensialet.
- Avklare interessa blant kultur – og reiselivsaktørane i områda for «kraftturisme» generelt.
- Avklare interessa blant aktørane for ei forpliktande deltaking i eit hovudprosjekt med mål om å utvikle eksisterande og nye reiselivsprodukt knytta til opplevinga av kraftlandskapet på Vestlandet.

### Frå rapporten – Vestlandsturisten

Koronakrisa gjev reiselivet på Vestlandet utfordringar ved at tilreisande frå utlandet er venta å falle ut av biletet. Det vert då ei hjelpe at vi veit ein god del om marknadene:

Om lag 18% av de norske turistane som besøker Vestlandsregionen kan karakteriserast som kulturturistar. Det utgjer ca. 1,1 mill. gjestedøgn i sommarsessongen. Desse er i gjennomsnitt 9 dagar på ferie i Norge og dei bur i hovudsak på hotell. 68% av norske kulturturistar til Vestlandet er barnefamiliar.

Nokre av kulturaktivitetane er viktigare enn andre, og det er særleg aktivitetar som det å oppleve lokal kultur, livsstil og tradisjonar, livet til lokalbefolkinga og besøke historiske bygningar/stader som vurderast som viktige kulturelle aktivitetar. For store deler av dei feriereisande både på Vestlandet og i det øvrige Norge er kombinasjonen mellom kultur- og naturaktivitetar viktig.



Kilde: Innovasjon Norge, Sommerturismen på Vestlandet 2019

Verknadene av korona-pandemien for reiselivet gjev grunn til frykt for svikt i dei utanlandske marknadene. Om auke i innanlands trafikk kan kompensere for bortfall av utanlandsreisande, er uvisst. Tabellen over gjev likevel grunn til ein forsiktig optimisme for Vestland og Rogaland ut frå høge tal på «Kulturinteresse» og «Både kultur - og naturinteresse».

Som del av konsulentoppdraget vart det sendt ut ein presentasjon av eit mogleg hovudprosjekt samt informasjon om marknadspotensialet. Invitasjonen vart send til ca. 90 verksemder og organisasjoner i Vestlandsregionen og inkluderer ulike typar reiselivsbedrifter, reiselivsorganisasjonar, kommunar, kulturinstitusjonar og kraftselskap som kan vere aktuelle som deltakarar i eit hovudprosjekt. Føremålet med utsendinga var å avklare interessa blant aktuelle bedrifter og organisasjoner for å delta i eit prosjekt der reiseliv- og kulturnæringa kan knytast nærmare saman og jobba i fellesskap med å utvikle og legge til rette for eit heilskapleg reiselivsprodukt innanfor temaet kraftturisme.

Følgjande organisasjoner/verksemder har sagt ja til å vere med i eit hovudprosjekt:

- Jøssingfjorden Vitenmuseum
- Lysefjorden Utvikling
- Magma Geopark
- Fotland Mølle og Kraftstasjon
- Oltedal Kraftstasjon
- Ryfylkemuseet
- Sauda kommune
- Sauda ferie og fritid
- Flørli
- Suldal kommune
- Energihotellet, Nesflaten
- Ullensvang kommune
- Hotel Vøringsfoss, Eidfjord
- Norsk Natursenter, Eidfjord
- Kraftmuseet – norsk vasskraft og industriadmuseum, Tyssedal
- Visit Sognefjord
- Høyanger Næringsutvikling (Høyanger Industriadmuseum)
- Sølvringen, Vik
- Ecomusee Aurland
- Årdal Utvikling

Av lista ser vi at vi så langt har 4 museum, 5 kommunar/kommunale nærings- og utviklingsselskap, fleire turoperatør, destinasjonselskap og attraksjonar vist interesse for å delta.

For eit fullstendig aktøroversyn, sjå vedlegg til saka.

#### Føreslårte ruter i Vestland

Prosjektet baserer seg på ein grunnstruktur gjeve av De nasjonale turistvegane. Her ligg ulike verksemder og organisasjoner som kan formidle opplevingsverdiar i vasskrafa sin historie og sørge for mat og overnatting.

**Nasjonal turistveg Ryfylke** (går mellom Oanes ved Lysefjorden og Håra, og er 260 km lang.)

**Nasjonal Turistveg Hardanger** (inneheld fire strekningar; Granvin-Steinsdalsfossen, Norheimsund-Tørvikbygd, Jondal-Utne og Kinsarvik-Låtefoss. Strekningane er til saman 158 km.)

**Nasjonal Turistveg Gaujarfjellet** (går mellom Balestrand og Moskog og mellom Sande og Eldalsosen. Strekninga er til saman 114 km.)

Rutene i Vestland er:

1.Røldal-Odda-Tyssedal-Kinsarvik-Ålvik
--

<b>2.Røldal-Odda-Tyssedal-Kinsarvik-Voss-Vik-Høyanger</b>
<b>3.Røldal-Odda-Tyssedal-Kinsarvik-Voss-Flåm-Auralnd-Lærdal-Årdal</b>
<b>4.Hardangervidda-Eidfjord-Kinsarvik-Tyssedal-Voss-Vik-Høyanger</b>
<b>5.Hardangervidda-Eidfjord-Kinsarvik-Tyssedal- Voss-Flåm-Aurland-Lærdal-Årdal</b>

### Riksantikvaren – pilotprosjekt

For å løyse ut mogelege statsmidlar, vert det lagt opp til ein 3 månader pilotstudie. Det vert søkt om kr 100.000 frå Riksantikvaren.

Regional med medfinansiering: Vestland fylkeskommune: kr 50.000, Rogaland fylkeskommune: kr 50.000.

Følgande stader vert lagt inn som pilotar:

- Høyanger
- Odda/Tyssedal
- Lysefjorden

Prosjektleiinga vert basert på kjøpt teneste, lyst ut på vanlege vilkår.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Støtte til pilotprosjektet vert finansiert over sektorbudsjettet på posten Verdiskaping på kulturminneområde under Ålmenne kulturvernforemål.

**Klima:** Tiltaket er ikkje av ein karakter som forureinar ytre miljø.

**Folkehelse:** Tiltaket er med å leggje grunnlag for aktivitetsbasert småskalaturisme som er positivt for folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Tiltaket er i tråd med innhaldet i rapporten «*Vestland. Utfordingar for fylket og regionane*» som er med å danne grunnlaget for ny regional planstrategi 2020-2024.

Konklusjon

Prosjektet «Kraftturisme – Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet» har opparbeidd seg ein solid kunnskapsplattform gjennom konsulentrapporten som ligg føre. Fylkesdirektøren meiner dette gjev gode vilkår for å utvikle prosjektet vidare, som eit interessant og innovativt tilskott i reiselivsutviklinga.

Under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune går inn med kr 50.000 og Riksantikvaren gjev tilsegn om kr 100.000, rår fylkesdirektøren til at det vert sett av kr 50.000 i sektorbudsjettet. frå posten Verdiskapingsmidlar under Ålmenne kulturforemål.